

TRIMGRUPPA I HAREID IL

Årsmelding for arbeidsåret 2019

GRUPPEÅRSMØTE I HAREID IL TRIM FOR ARBEIDSÅRET 2018 vart halde på klubbhuset onsdag 20. februar 2019 kl.

19. Desse møte: Bernhard Harkjerr, Gunn Bente Drevland, Roar Snipsøy, Leiv Arne Grimstad, Andreas Moldskred. Roar Snipsøy vart vald til møteleiar, Leiv Arne Grimstad til referent. Desse to skreiv også under årsmeldinga.

Leiv Arne Grimstad las årsmeldinga, som vart godkjend med nokre få rettingar.

Bernhard Harkjerr refererte rekneskapen. Denne vart godkjent, men årsmøtet fann oversynet rotete og uoversiktleg. Her har vi eit stort forbedringspotensiale. Årsmøtet ønskjer ei meir nøyaktig føring. Årsmøtet konstaterte at gruppa har kr. 111.234,62 på sparekonto (kr. 111.012,62 året før) og kr. 14.101,30 på driftskonto (kr. 18.811,03 året før). Utifrå dette skulle såleis underskotet vere mykje mindre enn det som går fram av rekneskapen. Noko av dette vart oppklara og korriger av årsmøtet. Revisor har elles dokumentert at alle utbetalingar frå bankkontoen er dokumenterte med bilag.

VAL:

Styre for 2019: Leiar for 1 år: Bernhard Harkjerr (ikkje på val). Nestleiar med økonomiansvar: Gunn Bente Drevland (ikkje på val). Skrivar: Leiv Arne Grimstad (to nye år). Lisbet Hareide Longva (ikkje på val). Andreas Moldskred (ikkje på val).

Hildegunn Thomassen (ny, to år). Varafolk: Irene Fjelle (ny, to år). Synnøve Kibsgaard (ny, to år).

Valnemnd: Leiv Arne Grimstad (to nye år), Hildegunn Thomassen (ikkje på val).

Revisor: Valnemnda må kome med forslag til revisor på første styremøte i 2019. (Stein Myklebust sa då ja til denne posten).

Etter årsmøtet overrekte leiaren avtroppande styremedlem Roar Snipsøy blomar og stor takk for åtte års deltaking i styret. Roar har vore skiltansvarleg for fjellorienteringa, ei oppgåve han ville ta seg av også i 2019, sjølv om han no var ute av styret.

ÅRSMELDING

Styremøte: I 2019 har det vore halde seks styremøte.

Fjellorienteringa: Fjellorienteringa vart i år halden for 30. gong – med 30 postar. Styremøtet 20. mars vart nytta til å peike ut postplasseringane. I møtet etter – 11. april – hadde leiaren klart eit kartforslag, som vi gjorde nokre få justeringar på. Så vart dei ulike postane fordelte på styremedlemene, ca 4 per person. Sjølv om vi var tidleg ute, vart det likevel bestemt at salet ikkje skulle starte før i tida kring 1. mai. Vi trykte opp 500 kart.

Til styremøte 22. mai hadde det kome eit par tilbakemeldingar om uheldige postplasseringar ved «katedralen» på Eika og ved Skinnalivatn-hytta. Postane vart flytta på, men slik at dei skulle vere lette å oppdage likevel. Vi konkluderte med at «lærdomen er at vi for ettertida bør vere forsiktige med å plassere postar i nærleiken av hus/hytter og mest muleg ute i ope terreng.» I etterklokenskapens lys vart det nemnt at vi burde hatt ein post på Dimnøya (kom ikkje med fordi Dimnøya låg utanfor det "prøvekartet" vi brukte då vi bestemte plasseringane). Elles var det eit minus at vi mangla postar på dei næraste fjella nord om Hareid sentrum (Holstadhornet-Nonsberget-Håbakknotten). Det bør vi ha kvart år. Med fjellorienteringsaktiviteten godt i gang tok vi ferie.

Premiefesten for fjellorienteringa skjedde i fin stil torsdag 14. november på klubbhuset. Fullt hus som vanleg. Etter at alle hadde fått premiane sine vart det opna for mat og drikke og prat over borda.

Under premiefesten var det også summering av «gallupen» vi hadde gåande om korleis vi skal gjere det i 2020. Ei avrøysting både på facebook og på sjølve premiefesten resulterte i 80 stemmer for 25 postar, 55 stemmer for 30 postar og 12 stemmer for å trappe ned frå 30 til 25 postar (med 1 post i året). Så då blir det 25 postar i 2020.

Styret har også drøfta ei digital kart-ordning til fjellorienteringa, men korleis det skal fungere, får ein ev. kome tilbake til. Vi reknar elles med å kunne trykke opp karta til 2020-orienteringa på idrettslaget sin nye kopimaskin.

Endelege fakta for fjellorientering nr 30:

Av 500 trykte kartmapper selde vi 410, som er ein liten nedgang frå dei siste åra. Då innleveringsfristen gjekk ut hadde 233 deltakarar levert inn utfylte kart. Av desse 233 hadde 87 fått med seg alle 30 postane.

I tillegg til at dei yngste (til og med 15 år) fekk A- og B-krystallar for 19 og 12 postar, vart det delt ut tilsaman 38 pokalar for 5, 10, 15, 20, 25 og 30 års deltaking. Jan Bigset har vore med i alle 30 sesongane

og vart dermed den første til å få den høgthengande 30-årspokalen. Trimgruppa kjøper inn pokalar som er trinnvis større etter kor mange deltakarår dei representerer. No viste det seg at premieleverandøren ikkje hadde større pokalar enn 25-årspokalen. Derfor vart 30-årspokalen ein spesiell glasspokal med inngraving. Odd Elvanes, som har 29 deltakarår, ligg an til å få denne pokalen neste år.

Pokalvinnarar i 2019:

30 ÅR (1): Jan Bigset.

25 ÅR (1): Jorunn Ulstein.

20 ÅR (2): Signe Herborg Bjåstad, Gunn Brandal Røyset.

15 ÅR (3): Henrik Fjelly, Oddrun Fjelly, Nikoline Bjåstad Hustadnes.

10 ÅR (16): Sindre Bjåstad, Trond Ellingsen, Aslaug Holstad, Inger Anne Karlsbakk, Oddbjørn Karlsbakk, David Levi Karlsen, Åge Karlsen, Margrethe Longva, Helge Myklebust, Jarle Ringstad, Jenny Helene Røyset, Marita Røyset, Dagny Vartdal, Bjørnar Veddegjerde, Patrick Veddegjerde, Stine Veddegjerde.

5 ÅR (15): Nancy Bergseth, Hanna Johnsen Bigset, Ida Therese Brubakk, Inger Johanne Drevland, Sigrid Brandal Drevland, Gerd Gaasø, Jorunn Haddal, Beathe Pilskog Holstad, Maria Bjåstad Hustadnes, Jan Høgstavoll, Ben Are Kragseth, Trine Pilskog, Alida Jonsrud Rise, Leander Jonsrud Rise, Tobias Jonsrud Rise. Synne Selvåg Larsen.

I den populære gåvekort-uttrekkinga vart desse vinnarar (gåvekort a 500 kroner på kvar): Sølvi Moldskred, Tor Håbakk, Grethe H. Hasund, Vilde Slettevoll, Stella Øvrelid Skeide og Edgar Fjelle.

Friluftsgudsteneste i Alskleiva: Bernhard og Leiv Arne stilte til soknet si friluftsgudsteneste i Alskleiva søndag 25. august. I det fine vêret møtte ca 215, som fekk delta i trimgruppa si utlodding av gevinstar etterpå. Barbro Landmark var prest, Musikklaget Melshorn spelte og mange unge deltok med song.

Styrkeprøva – fjellmarsjen Eiksund-Alskleiva-Korshamna: Marsjen vart avvikla 29. september med 22 deltakarar. Vi fekk ei utfordring med mykje skodde i høgda. Fleire deltakarar fortalde at dei heldt på å vase seg bort. Dette har vi ikkje vore borti før, men skodde kan sjølvsagt vere utfordrande for dei som går åleine og ikkje er så godt kjende i terrenget. Men alle kom seg ned att i god form. Marcus Megrund sprang frå Eiksund til Korshamna på 1 time og 55 minutt, som var ny rekord.

I ettertid har styret hatt ein diskusjon om denne aktiviteten – og det synest å vere semje om at han har bikka for mykje over til å bli meir ein konkurranseaktivitet enn ein marsj. Når vi no planlegg aktivitetane for 2020, vil vi legge Styrkeprøva på is og i staden sjå på mulege arrangement i Hareidsfjella, t.d. under Hareidsstemna. Begynn å pønske!

Vindmøllepark-motstand: Leiaren har delteke i ein aksjon mot vindmøllepark i fjellheimen vår. Styret har opning for at kvar enkelt kan delta i slike markeringar.

Tuftepark: I saka som gjeld tillaging av TUFTE-PARK har trimgruppa plikta seg til å delta med midlar, dersom det blir ei utbygging ved ungdomsskulen. Vi siterer det som står i styret si behandling av denne saka:

«Hareid ungdomsskule har vendt seg til trimgruppa med spørsmål om deltaking i reising av ein TUFTE-park utanfor skulen. Trimleiar Bernhard har vore i møte med ungdomsskule-representantar. Der vart det signalisert at trimgruppa kan vere med på eit opplegg dersom det kjem på plen-området sør om klasseromsfløya (mot stadionområdet). Dersom parken kjem på nordsida av skulen, er det ikkje aktuelt for trimgruppa å delta. Ei problemstilling i så måte er at nordsida er regulert til leik, medan sørsida ikkje er det. Det må dermed til ein reguleringsmessig snuoperasjon. Det er snakk om 9 apparat til ein kostnad på vel 475.000 kroner. Trimgruppa kan love eit tilskot på ca 100.000, dersom det er økonomisk buffer/margin til det i trimkassa. Dugnadsinnsats kan også kome på tale – i lag med andre, t.d. Seniorgruppa. Det er ungdomsskulen som skal søke om midlar til prosjektet, bl. a. tippemidlar, vidare sørge for omregulering og i det heile "køyre prosjektet". Trimstyret seier seg samd i opplegget og tilskotet på 100.000, men legg inn eit atterhald om at gruppa – når det blir aktuelt - har god nok økonomisk buffer, slik at vi t.d. er i stand til å kjøpe premiar og skilt til aktivitetane våre.»

Skiltplan: Andreas Moldskred har ferdigstilt ein skiltingsplan. Dei 15.000 kronene som vart sette av til skilting i 2019, blir overførte til 2020.

Fordelingsmodellen frå hovudstyret: Når hovudstyret i laget fordeler pengar til gruppene, er barn og unge si deltaking eit kriterium i fordelingsnøkkelen. Her vil trimgruppa gjerne melde ifrå om at 49 unge under 15 år vart premierte under fjellorienteringa 2019.

Økonomi: Utgiftene i 2019 vart litt større enn budsjettet, og inntektene litt mindre enn budsjettet. Vi har likevel eit årsoverskot på kr. 10.486. (44.520 inn, 34.450 ut).

Leiv Arne Grimstad, skrivar 10. februar 2020

Gruppeårsmøte i Hareid IL Trim 12. februar 2020 kl 19 på Hareid klubbhus

Tilstades: Bernhard Harkjerr, Lisbeth Hareide Longva, Gunn Bente Drevland, Leiv Arne Grimstad og Andreas Moldskred.

KONSTITUERING:

Andreas Moldskred vart vald til møteleiar.

Leiv Arne Grimstad vart vald til referent.

Andreas Moldskred og Lisbeth Hareide Longva vart valde til å skrive under årsmeldinga.

ÅRSMELDINGA FOR ARBEIDSÅRET 2019: vart referert av sekretær Leiv Arne Grimstad. Det vart reist spørsmål ved kor vidt årsmeldinga si formulering om å legge Styrkeprøva (turmarsjen Eiksund-Alskleiva-Korshamna) på is, var vedteke i styret eller berre var under vurdering. Ein slo fast at styret hadde vedteke dette og samtidig opna for å få til eit liknande arrangement i dei nære Hareidsfjella (t.d. i ei rundløype via Skafjellet – Holstadhornet). Dette blir å ta opp når styret skal sjå på aktivtetsplanen for 2020.

REKNESKAP FOR 2019: Etersom gruppa sine inn- og ut-transaksjonar no blir ført av hovudlaget – og det ikkje hadde kome detaljerte oppgåver derifrå - kunne ikkje Gunn Bente Drevland legge fram ein detaljert rekneskap. Ho hadde berre fått opplyst dei totale inntektene og utgiftene. Det er sjølv sagt ugrent å halde eit årsmøte med tanke på å godkjenne ein rekneskap - og ikkje kjenne til detaljane. Gruppeårsmøtet gjorde derfor følgjande vedtak:
«Trimgruppa i Hareid IL sitt årsmøte tek til vitande hovudtala for 2019, men etterlyser informasjon om detaljane. Trimgruppa krev å få i hende ei transaksjonsoversikt med alle inn- og utgåande postar.»

REVISORS BERETNING: Det har vore ein del forvirring om kor vidt trimgruppa skal ha eigen revisor. Etter meldingar frå hovudlaget konstaterer gruppestyret no at gruppa ikkje treng eigen revisor og at det er hovudlaget, som står for den felles rekneskapsføringa i laget, som held revisor.

INNKOMNE FORLAG: Ingen.

VAL: Valnemnda v/ Leiv Arne Grimstad la fram følgjande forslag, som vart vedteke samrøystes:

Styre:

Bernhard Harkjerr – 2 nye år

Gunn Bente Drevland, styremedlem – 2 nye år

Andreas Moldskred, styremedlem – 2 nye år

Lisbeth Hareide Longva, styremedlem – 2 nye år

Leiv Arne Grimstad, sekretær – ikkje på val i år

Hildegunn Thomassen, styremedlem – ikkje på val i år

Varafolk:

Irene Fjelle – ikkje på val i år

Synnøve Kibsgaard – ikkje på val i år

Valnemnd:

Leiv Arne Grimstad – ikkje på val i år

Hildegunn Thomassen – 2 nye år

Deretter vart Bernhard Harkjerr vald til leiar i arbeidsåret 2020.

Gunn Bente Drevland held fram som nestleiar.

* Første styremøte i trimgruppa i 2020 blir på Hareid klubbhus torsdag 19. mars klokka 19.30 (merk tida). Ref LAG